



Kva skal kjellaren i Gamleskulen nyttast til ? Ope møte onsdag 1. mars. kl. 19.

**Uskedal utvikling inviterer til open kveld, onsdag 1. mars kl. 19, med idedugnad om kva kjellaren i Gamleskulen skal brukast til. Helselaget med sine grupper og Fritidsklubben er to av målgruppene. møte er ope for alle med høve til å koma med framlegg, anten det er bruk for lagerplass, møterom eller treningsrom. Med offentlege tilskot kan lokale truleg ikkje nyttast til næringsføremål.**

Byggesteg 1 av renoveringa er gjennomført. Det elektriske anlegget i huset er oppgradert og det er laga teknisk rom i kjellaren. Det er montert sikringssskåp for ny varmvassstank for golvvarme. Rom for toalett er avdelt. Før ein går vidare med byggestag 2 må ein vita kva kjellaren skal brukast til.



Hovudinngangen vert på den sida som vender mot Rabben og Kyrkjevegen.

Helselaget med trim kvar veke har trong for eit rom der ein slepp å rigga og flytta på inventar kvar gong. Ungdomsklubben er i 3. høgda i dag.. Det kan til tider vera upraktisk og vanskeleg i høve til brann og røming. Nokre lag i bygda har signalisert at det er trong for arkiv- og lagerplass. Kjellaren med rett lys eignar seg framifrå til utstillingar.

Ny dagleg leiar i SparebankStifitnga, Kvinnherad og styreleiar, Svein Arne Eidsvik, vert med på møte. Dei vil informera om nye retningslinjer for tildeling av midlar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal